I juli 2021 kjøpte Tussa Kraft AS alle aksjene i Energiselskapet Stryn fra Stryn kommune. Oppgjøret vart gjort i aksjar, og Stryn kommune kom inn på eigarsida i Tussa med ein aksjepost på 7,2 %. I desember 2021 kjøpte Tussa installasjon AS alle aksjene i Stryn Elektro AS for 16 mill.

## Note 28. Covid-19

Utbrotet av Covid-19 i 2020 var kommentert i eigen note for 2020-rekneskapan. Effektane for Tussa i 2020 var små og forventningane til verknader i 2021 var også små. Oppsummert for konsernet var det i 2021 svært små negative verknader av Korona-pandemien. Det er også for 2022 forventta svært små negative effektar av pandemien.

## Note 29. Finansielle kontrakter


Konsernselskapet Stryn Energi AS har inngått finansielle kontraktar på kraftomsetning (prissikring) med Statkraft Energi AS på vegne av Watin AS sine sluttikunder. Dei finansielle kontraktane har ulik varighet og omfang i volum der dei største blir avslutta i løpet av 2022. Avtalane (forwardskontraktar) har i hovudsak oppstart 01.01.2022 og dei skjer oppgjør ved kvar månadsstutt. Det er inngått avtale mellom Stryn Energi AS og Watin AS som betyr at Watin AS skal dekke alle kostnader som Stryn Energi AS får ved oppgjør av kontraktane kvar månadsstutt. Det er ikkje balanseført i opplysninger knytt til dei finansielle kontraktane per 31.12.2021 som følgje av avtalen med Watin AS.

## Note 30. Proforma salsinntekter

Som følge av oppkjøpet av konsernet Energiselskapet Stryn AS 01.07.2021 er dei laga proforma tal for salsinntekter for helle 2020 og 2021. Effekten av eigarskapan i Børenett er korrigert for i tal for 2020 og 2021.

Tal i tusen kr

Konsern	2021	2020
Salsinntekt	414 766	352 225
Energisal	281 155	208 661
Nettinntekt	319 136	285 163
Anna driftsinntekt	3 327	55 494
<b>Sum salsinntekter</b>	<b>1 016 384</b>	<b>901 543</b>



Årsrapport  
2021





## Innhold

Konsernsjefen har ordet .....	s. 04
<b>Årsmelding, regnskap og noter</b>	
Organisasjon og bakgrunn .....	s. 06
Nøkkeltal konsernet .....	s. 08
Årsmelding fra konsernsjefen .....	s. 10
Resultatregnskap .....	s. 22
Balanse .....	s. 23
Verdi av konsernet .....	s. 25
Noter til regnskapen .....	s. 26
Kontantsituasjon .....	s. 52
Revisjonsmelding .....	s. 54
Samfunnsregnskap .....	s. 56
Status for eierstyring og selskapsleing .....	s. 58
<b>Om Tussa konsernet</b>	
Tussa Kraft .....	s. 60
Kraftproduksjon .....	s. 62
Mønerett .....	s. 66
IT og kommunikasjon .....	s. 70
Installasjon .....	s. 74
Syret i Tussa Kraft AS .....	s. 76
<b>In English</b>	
Organisation and history .....	s. 78
Revenue statement .....	s. 80
Balance sheet .....	s. 81

Framsida foto: Ronny Færevy, ingeniør i Tussa Energi.  
Foto gjennom hele rapporten: Marius Beck-Dahle.



KONSERNJEFFEN HAR ORDET

## Stormaktspolitikk og miljø

Koronapandemien er i ferd med å ebbe ut, og i overgangen til ein meir normalisert situasjon, har nye utfordringar openberra seg. Del nye utfordringane er i hovudsak utløyst av historisk høge gassprisar, som har gitt ringverknader til mange andre produkt som har gass som direkte eller indirekte innsatsfaktor.

Opptil dette har Russland gått til krig mot Ukraina. Krigen forverrar situasjonen ytterlegare for mange verdsmarknadsprodukt, men i høve til krigen sin brutalitet, som del opplever i Ukraina, er dette smått. Bakom har vi framleis konsekvensane av klimagassar i atmosfæren. Denne utfordringa må løysast, og det må agerast før det er for seint.

Ser vi historisk på det, er vi i ein ekstraordinær situasjon med prisar på fleire energiprodukt som er langt over det som har vore notert i nyare tid. Det kan soleis vere ein fare for at kortsiktige økonomiske utdringar vil redusere motivasjonen for å setje og etterleve djerve klimamål. Dette ser vi spor av både i Europa og i Noreg. Detsom likevel er positivt, er at når krisa er stor nok, samlast velutvikla demokrati seg til å gjennomføre tiltak som også er negative på kort sikt for heimlege verksemdar og innbyggjarar. Eit døme på det er sanksjonane frå Vest-Europa mot Russland.

Utslepp av klimagassar er ei global utfordring, og koden er avhengig av verdsoveropvarminga som fører til å redusere skadelege utslepp. I dag ser vi ein tendens til ytterlegare polarisering mellom einveidige og ekte folkesynte statar. Denne polariseringa kan vere til hinder for brei samtykke om gjennomføring klimatiltak. Eg trur likevel at når kriseforståinga er stor nok vil det vere globalt grunnlag for å setje i verk tiltak som på kort sikt kan vere upopulære, men som på lang sikt er tvingande nødvendige. Eg er klimaoptimist.

Stormaktspolitikken har omfattande ringverknader og når vegen til oss også. Ein av verknadene er at kraftprisane har vorte svært høge i alle fall i sørlege delen av Noreg. Når det gjeld prisdifferansane i Skandinavia, må transmissjonsnettoperatørene i Noreg og Sverige ta på seg eit stort ansvar. Eit vesentleg fundament for energiløysa som vart vedteken rundt 1990 var at det skulle vere så like kraftprisar som mogleg i landet. Dette har totalt sveikta den seinare tida. Viss Tussa sin kraftproduksjon hadde lege i sør, hadde konsernet

04 | Årsrapport 2021 - Tussakonsernet

I 2022 minskande til 20 øre/kWh i 2025. Situasjonen er sensitiv for endringar i verifaktorar som vind, nedbør og temperatur, og det må forventast store variasjonar i kraftprisane frå dag til dag og over sesongar. Betting vil i hovudsak først kome når det blir oppgradering av kraftlina frå Sogndal til Aurland som er planlagt sett i drift i 2025. Gjennomføring av dette tiltaket toier ikkje forseinkingar – det høstar.


Mykje av spalta eg har fått til rådvelde har dreia seg om kraftprisar og kopla til konsekvensar for kraftproduksjon. Tussa er meir enn det. Elementa elektrisitet og digitalisering er kjernar i alle forretningsområda våre. Overgangen frå samtlum avhengig av fossil energi til samtlum bygd på fornyleg energi krev stor auke i innsatsen både med elektrifisering og digitalisering.

Tussa sine forretningsområde med kraftproduksjon, kraftnett, kraftomsetning, IKT og installasjon er alle godt posisjonert til gjere ein innsats ved denne overgangen. For at vi skal vere ein troverdig samarbeidspart på miljøområdet, har vi sett i gang ein prosess med tanke på å bli miljøsertifisert i 2022 etter ISO-standarden 14001. Dette skal sikre at vi har gode interne prosessar for å redusere del negative miljøavtrykka våre.

**Vi ser på Tussa som ein del av løysinga og ikkje som ein del av problemet. Vi har ambisjonar om å gjere ein jobb ikkje alt som vi er med og reidbar verda.**



*Eiliv Dybdal*



Årsrapport 2021 - Tussakonsernet | 05

## Organisasjon og bakgrunn

Tussa Kraft vart stifta i 1949 og har sidan då vore kraftprodusent og -leverandør på søre Sunnmøre.

Selskapet har vore med i den store utviklinga i regionen, både med omsyn til industrialisering, generert, og i kraftforsyninga spesielt, og i dag er Tussa Kraft morselskapet i eit leiande energi- og breibandskonsern på Nord-Vestlandet. Tussakonsernet tilbyr eit breitt produktspekter innan energi, IT, breiband og installasjon. Dyktige og framsynte eigarar og medarbeidarar har gjort og gjer dette mogleg.

### Forretningsidé

Tussa skal drive forretningsverksemd med utgangspunkt i produksjon, overføring og omsetning av energi- og breibandprodukt. Varer og tenester skal vere basert på Tussa sin infrastruktur eller kjernekompetanse.

### Hovudmål

Produkt med god kvalitet, lokal forankring saman med samfunnsansvarlege og framtidseretta handlingar skal posisjonere Tussa som kundane sitt førstval.

### Organisering


Tussa er organisert som konsern med morselskapet Tussa Kraft AS som 100 % eigar av dotterselskapa Tussa Energi AS, Sunnmøre Energi AS, Tussa IKT AS og Tussa Installasjon AS. Administrative støttefunksjonar innan økonomi, finans, personal, sekretariat og kommunikasjon er samla i morselskapet, som yter tenester til dotterselskapa.

I tillegg til dei 100 % eigde selskapa har Tussa strategiske og industrielle eigarpostar i Mørenett AS med 49,3 %, i Istad AS med 36 %, i Wattn AS med 21,9 % og Eviry Solutions AS med 9,9 %.

I 2021 kjøpte Tussa selskap i Stryn, og desse er ikkje innarbeidd i organisasjonskartet.



– med kraft til å skape miljøvennlige og framtidige





## Nøkkeltal konsernet

Tal i mill. kr

	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
<b>Resultat og balanse</b>							
Energisal	275	204	558	519	298	286	242
Nettleiige	306	263	2698	246	222	309	222
Driftsinntekter	966	856	11948	1048	812	891	762
EBTDA	322	303	335	254	264	329	234
Driftsresultat	168	163	205	133	132	198	97
Årsresultat	71	112	97	56	57	85	25
Investeringar	246	268	217	537	232	192	164
Totalkapital	3 799	3 079	2 928	2 944	2 441	2 338	2 295
Eigenkapital	1 310	987	966	869	850	831	771
Utbyte	47	45	-	40	33	25	20
Utbyte pr. aksje i kr	14 365	14 691	-	13 042	11 000	8 081	6 464
<b>Lønsmid</b>							
Totalkapitalrentabilitet	6,6 %	8,2 %	9,0 %	6,8 %	6,6 %	8,7 %	4,6 %
Eigenkapitalrentabilitet før skatt	13,4 %	13,8 %	19,0 %	11,4 %	12,3 %	17,2 %	7,4 %
Eigenkapitalrentabilitet etter skatt	6,2 %	11,4 %	10,6 %	6,5 %	6,8 %	10,6 %	3,3 %
Resultatgrad	0,22 %	0,26 %	0,22 %	0,17 %	0,19 %	0,22 %	0,13 %
Kapitalomløp	0,30	0,31	0,41	0,41	0,35	0,39	0,34
<b>Kapitaltilhøve</b>							
Eigenkapitalprosent	34,5 %	32,1 %	33,0 %	29,5 %	34,8 %	35,6 %	34,2 %
Rente-dekningsgrad	3,1	2,2	2,9	2,2	2,9	3,2	2,2
Likviditetsgrad 1	0,9	0,7	0,9	0,9	0,9	1,1	0,9
Utbytteprosent	66 %	40 %	0 %	70 %	59 %	29 %	78 %
<b>Personal</b>							
Produktive årverk	318	284	274	272	259	290	285
Omsetning pr. produktive årverk	3,0	3,0	4,1	3,9	3,1	3,1	2,7
Driftsresultat pr. produktive årverk	0,5	0,6	0,7	0,5	0,5	0,7	0,3
<b>EBTDA</b>							
Earnings before interests, taxes, depreciations and amortizations (Inntening før rente, skatt, avskrivning og nedskrivning)							
Totalkapitalrentabilitet	(Resultat før ekstraordinære poster + Finanskostnader) / Gjennomsnittlig totalkapital						
Eigenkapitalrentabilitet	Resultat før ekstraordinære poster / Gjennomsnittlig egenkapital						
Resultatgrad	(Resultat før ekstraordinære poster + Finanskostnader) / (Finansinntekter + Driftsinntekter)						
Eigenkapitalprosent	Eigenkapital / Totalkapital						
Rente-dekningsgrad	(Resultat før skatt + Finanskostnader) / Finansinntekter						
Likviditetsgrad 1	Omløpsmidler / Kortiktig gjeld						
Utbytteprosent	Ordnaert utbytte / Årsresultat						

08 | Årsrapport 2021 - Tussakonsernet

Årsrapport 2021 - Tussakonsernet | 09

## Årsmelding frå konsernstyret 2021

Tussa er eit leiande energi- og IKT-konsern på Nord-Vestlandet med hovudkontor i Ørsta kommune. Selskapa i konsernet driv forretningsverksemd med kjernekompetanse og infrastruktur innanfor energiforsyning og digital kommunikasjon.

Visjonen er å ha kraft til å skape framtidretta og miljøvennlige løysingar. God kvalitet, lokal forankring, samfunnsansvarlege og framtidretta handlingar skal gjere Tussa til kundane sitt tørsteval.

### Vidare drift

I samsvar med rekneskapslova § 3-3a stadfestar styret at føresemdene om framleis drift er til stadest. Til grunn for dette ligg ei positiv utvikling for selskapa i konsernet og ei framtidretta produktportefølje.

### Hovudtrekk i 2021

Driftsresultatet vart sterkt påverka av den uvanleg store prisdifferansen som oppstod mellom høge prisar i søtleg- og lågare prisar i nordleg del av Skandinavia og spesielt i andre halvår. Den oppnådde prisen på kraftproduksjonen vart likevel 36,0 øre/kWh mot 15,4 øre/kWh i 2020.

Driftsresultatet for kraftproduksjon vart 76 mill. kr høgare enn i 2020.

Grunna høgare kraftpris i 2021 enn i 2020 vart grunnrenteskatten vesentleg større enn i 2020. Resultatet i 2020 var også prega av fleire skattefrie inngangseffektar, noko det var lite av i 2021. Samla sett var skattekostnaden knappe 60 mill. kr høgare i 2021 enn i 2020.

Med verkned frå 1. juli vart Energiselskapet Stryn fusjonert med Tussa Kraft og Stryn kommune vart aksjonær i Tussa Kraft. Nettverksemda frå Stryn vart fusjonert med Mørenett og kraftomsetningsdelen vart sett til Wattn. Dei andre verksemdsomnia i Stryn er lagt til helleigde selskap i konsernet.

## Framtidig utvikling

Kraftproduksjon og engros-krafthandel

### Rammetilvilkår fornybar energi

Elektrifisitet som energibærer er sentral i framtida sitt energisystem, og vasskraft som energikjelde er framleis den mest konkurransedyktige i alle fall i Noreg. Tussa, med sine vasskraftverk, er godt posisjonert for denne framtida.

### Strategi og framtidssikter

Det har vore gode stimulanar til å investere i ny produksjon del seinaste åra. Mykje av den nye produksjonen har kome i den nordlege delen av Skandinavia og spesielt i Nord-Sverige, og det har gitt kraftoverskot. Vidare har det vore utbygd samband mot kontinentet og Storbritannia frå Sør-Skandinavia og spesielt frå Sør-Noreg. Dette saman med historisk høge prisar på fossilt brensel som kol og gass samt karbonkvotar har ført til svært store prisskilnader mellom sør og nord i Skandinavia. Dessverre ser det ut til at periodar med normalt eller meir med vind og nedbør, vil gjere det så stort overskot av kraft i nord at det ikkje er kapasitet til å frakte det sørover. Det må derfor forventast at dei store prisskilnadene vil halde fram i normalår inntil det er auka kapasitet mellom nord og sør, at forbruket i nord er auka, produksjonen i sør er auka, prisane på fossile brensel har vorte redusert, eller kombinasjonar av alle desse faktorene.

Med det som er kjent vil det i Noreg vere kapasitetsutfordringar i alle fall fram til 2025. Då er det forventast at spenningsoppgraderinga av linja mellom Sognndal og Aurland blir sett i drift.

### Kraftprisen dei komande åra

Framtidsmarknaden for transparente kraftprisar på Nasdaq har brote saman og hari dag så ligg tllit at det ikkje er ein referanse å leggje vekt på. Vi må derfor sjå kva renommenter analysemjiljø forventar. Voleu forventar at prisskilnaden mellom Midt-Noreg og Sør-Noreg vil vere rundt 60 øre/kWh i 2022, vert redusert til om lag 10 øre/kWh i 2026 og er utbalansert i 2030. Prisane i Midt-Noreg er forventast å verte rundt 22 øre/kWh i 2022 stigande til om lag 50 øre/kWh i 2026. Desse forventningane var presenterte før krigen i Ukraina starta. Uvissa om prisdifferansar og prisnivå er etter krigsutbrotet langt større, og kanskje i ei retning mot enda større regionale prisskilnader.



Krafthandelsavtellinga i Tussa Energi, Tor Wilhelm Høivåg og Kjell Arne Berkvik.

Med overoppylling av den svensk-norske elsertifikatmarknaden, er det venta at sertifikatprisane vil halde seg låge framover.

### Kraftnett

Mørenett AS har hatt ei svært positiv utvikling dei seinaste åra, og er klar for å ta nye steg for å halde seg blant dei mest effektive nettselskapa. Røynslene tilsier at skatatordelene ved å verte større er vesentlege, både med omsyn til kompetanse og i høve til å realisere økonomiske synergiar. Mørenett AS arbeider difor for å få til samanslutningar og kjøpe nettanlegg som kan bidra til å realisere dette. Hausten 2020 vart det inngått avtale om å overta regionale distribusjonsnettanlegg frå Statnett. Gjennomføringa av avtalen er avhengig av at styresmaktene godkjenner at anlegga blir omklassifiserte. Saka er no til handsaming i Olje og Energidepartementet. Det er forventast at vedtak vil ligge i løpet av 2022.



*Tussa tilbyr hybride sky-løsninger, konsulenttenester og handelsvarer og har eit energieffektivt og moderne datasenter som gir rom for vidare vekst.*

Med ei reindyrka rolle som nettverksemd er Mørenett AS godt posisjonert som ein sentral aktør i den vidare strukturendringa av elektrisitetstilførsel på Nord-Vestlandet.

#### Installasjon

Forretningsområdet er prega av stor teknologisk utvikling, mellom anna innan ulike automasjons- og styringssystem. Selskapet opplever også ei auka interesse for miljøvenlege løysningar som solcelle leveransar i vår region. Tussa Installasjon AS er i dag den største elektrotekniske installasjonsverksemda i regionen med avdelingar i Ørsta, Ulsteinvik, Fosnavåg og Stryn. Stryn Elektro AS blei kjøpt i desember 2021 og vil bli fusjonert inn i Tussa Installasjon AS innan 2022. Tussa har sterke fagmiljø innan dei aller fleste relevante fagområda. Målet er å vere den føretrekte leverandøren både i privat- og bedriftsmarknaden.

#### IKT

Tussa skal dekkje kundane sine behov for framtidiretta, profesjonelle, miljøvenlege og sikre kommunikasjons- og IT-tenester heile døgnet.

Gode kommunikasjonsløysingar er svært viktig både for hushaldningar og bedrifter. Tussa byggjer framleis ut fiber til kundane på søre Sunnmøre, men den geografiske dekningsgraden er høg og ein avgrensa restmarknad på søre Sunnmøre gjer at det vil bli mindre nye kundar i åra som kjem. I løpet av 2021 tok Tussa over fibernett i Stryn kommune og dette nettet vil gradvis bli integrert med nettet på søre Sunnmøre.

Utfordringane med å drifte datautstyr aukar som følge av høgare krav til oppetid, informasjonstryggleik og spesialkompetanse. Dette gjer at bedrifter ønskjer å sette ut heile eller delar av IT-drifta under løresemd av at bedriftene har tilgang på gode kommunikasjonsløysingar. Tussa dekkjer dette behovet ved å vere ein framtidiretta og ansvarleg leverandør av både IT og kommunikasjonslenester. Tussa tilbyr hybride sky-løysingar, konsulenttenester og handelsvarer og har eit energieffektivt og moderne datasenter som gir rom for vidare vekst.

*Kristoffer Myklebust, servicekonsulent på Tussa sitt løysingssenter.*

12 | Årsrapport 2021 - Tussakonsernet

## Utgreiing av årsrekneskapan

### Konsernet

Rekneskapan for Tussakonsernet i 2021 viser samla driftsinntekter på 966,3 mill. kr (955,7) og eit driftsresultat på 167,6 mill. kr (162,6). Resultat før skatt er 153,6 mill. kr (134,8) og etter skatt er resultatet 70,9 mill. kr (111,7). Tilsvarende tal for 2020 står i parentes.

Innanfor drifta er det auka i omsetninga med 110,6 mill. kr (12,9 %). Alle forretningsområda viser auka i omsetning i høve til 2020. Innanfor kraftproduksjon er auken spesielt stor, noko som i hovudsak skuldast heigare kraftprisar. Ein del av omsetningsauken kjem også som følgje av kjøpet av Energiselskapet Stryn AS. Dette gjeld for alle forretningsområde med unntak for installasjon.

I same periode viser samla driftskostnader ein auke på 103,5 mill. kr (15,2 %). Auken fylgjer i stor grad omsetningsauken.

Eigenkapitalen til konsernet utgjorde 34,5 % (32,1 %) av totalkapitalen ved årsskiftet. Konsernet sin eigenkapitalrentabilitet vart 13,4 % før skatt (13,8 %). Avkastninga på totalkapitalen vart 6,6 % (8,2 %).

### Finans

Netto finansposter i konsernet vart -14,0 mill. kr (-27,3). Netto valutagevinst i samband med eurlån og positiv utvikling i marknadsvarden på rente-/valutaswap bidreg sterkt til at finansresultatet viser betring i høve fjoråret. I 2020 hadde ein netto valutatap i samband med eurlån og negativ utvikling i marknadsvardi på rente-/valutaswap. Auka inntekt frå investering i listad AS bidreg også til ei positiv utvikling i finansresultatet.

### Skatt

Årsrekneskapan for 2021 viser ein skattekostnad på 82,7 mill. kr (23,1). Dette utgjer 53,8 % av resultatet før skatt. Den høge skatteprosenten skuldast forholdsvis høg krattpris som har gitt høg grunnrenteskatt. Grunnrenteskatten utgjer 50,5 mill. kr (6,8) av den totale skattekostnaden for konsernet. Framtidig utsett skatteforplikting er 98,3 mill. kr (11,1) mill. kr i 2020). Den store endringa frå 2020 kjem av utsett skatt på meirvidlar i samband med kjøpet av Energiselskapet Stryn AS. Konsernet har minimalisert betalbar skatt ved å nytte seg av gjeldande ordningar med konsernbidrag.

Skatten som skal betalast for konsernet i inntektsåret 2021 utgjer 61,9 mill. kr (23,7).

### Gjeld

Langsiktig renteberande gjeld var ved utgangen av året på 2 019,2 mill. kr (1 778,2), av dette er 746,7 mill. kr rentefria. Kortsiktig gjeld ved utgangen av året var 340,0 mill. kr (269,5), ein auke på 26,2 % frå 2020. Rekneskapan viser at sum gjeld i konsernet utgjer 2 488,9 mill. kr (2 091,8), ein auke på 19 % frå 2020. Auka i langsiktig gjeld kjem i hovudsak frå auka gjeld i Mørenett, samt at Tussa pr. 31.12.2021 konsoliderer inn ein større del av den totale gjelda til Mørenett. I tillegg vart 100 % av gjelda i Innvik Kraftverk konsolidert inn.

### Investering

Samla investering i varige driftsmidlar var 246,2 mill. kr i 2021 (267,9). Dei største investeringane er gjort innanfor nettanlegg, fiber og kraftproduksjon.

### Kontantsraum

Tussakonsernet har gjennom året hatt ein kontantsraum frå driftsaktivitetar på 286,2 mill. kr (185,8). Ved utgangen av året har konsernet ikkje nytta noko av kassakreditte på 100 mill. kr.

### Mørselskapet

I morselskapet viser driftsinntektene ein auke på 3,5 mill. kr samanlikna med 2020. Driftskostnadene viser ein auke på 6,7 mill. kr, og driftsresultatet for 2021 er 3,1 mill. kr lågare enn for fjoråret. Reduksjonen i driftsresultat har samanheng med ekstra kostnader som følgje av kjøpet av Energiselskapet Stryn. Netto finans er 62,3 mill. kr lågare enn fjoråret. Dette må sjåast i samanheng med at ein i 2020 hadde gevinst ved sal av aksjar i Tussa-24 og Moldekraft, samt utbytte frå Moldekraft og Eviny Solutions.

Resultat før skatt vart 65,4 mill. kr lågare enn i 2020. Den finansielle stillinga til morselskapet syner at totalkapitalen aukar prosentvis meir enn gjelda, og eigenkapitalprosenten går opp frå 39,6 % pr. 31.12.2020 til 45,7 % pr. 31.12.2021.

Rekneskapan gir ei rettvise oversikt over utvikling og resultat av selskapet og konsernet si verksemd og stilling.

### SEGMENTINFORMASJON

	Omsetning		Driftsresultat		Resultat før skatt	
	2021	2020	2021	2020	2021	2020
Tussa Energi/Sunnmere Energi	266 484	156 944	77 679	1 974	86 293	-19 878
Mørenett	311 191	275 850	61 793	69 484	53 169	60 247
Tussa installasjon	168 060	143 208	2 503	8 886	2 317	8 856
Tussa IKT	240 942	224 085	30 741	31 804	22 660	24 534

Stryn Energi kraftproduksjon er ikkje med i desse tala.



Med vernad frå 1. juli vart Energiselskapet Stryn fusjonert med Tussa Kraft og Stryn kommune vart aksjonær i Tussa Kraft.



Tussa installasjon er i dag den største elektrotekniske installasjonsverksemda i regionen. Tormy Gjerd, servicekoordinator i Tussa installasjon.

tid. Endringa i resultatet for skatt frå 2020 til 2021 har si hovudforklaring i redusert tildeilt inntekstramme frå NVE.

## Installasjon

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på 2,5 mill. kr i 2021 (8,9), og resultatet før skatt vart på 2,3 mill. kr (8,9).

Driftsresultatet blei redusert, med 6,4 mill. kr.

Marknaden er framleis prega av hard konkurranse, spesielt i prosjektmrkaden med låge marginar. Selskapet opplevde også ein auke i materialprisane som ein ikkje greidde å overføre iasipris prosjekta.

Det er høg aktivitet i selskapet og det blir rekna på mange nye prosjekt, så utsiktene for 2022/23 er difor gode.

## IKT

Forretningsområdet hadde eit driftsresultat på 30,7 mill. kr i 2021 (31,8) medan resultatet før skatt vart på 22,7 mill. kr (24,5).

Eksterne kommunikasjonsprodukt hadde ein omsetningsvekst på 11,6 mill. kr (8,9 %) i 2021 og eksterne IT-produkt hadde ein omsetningsvekst på 8,9 mill. kr (11,4 %). Det er potensiale for ytterlegare vekst både innanfor kommunikasjons- og IT-tjenester.

## Energiproduksjon og engros-krafthandel

I 2021 vart driftsresultat for produksjons- og engros-verksemda 777 mill. kr (2,0), og resultatet før skatt vart 86,3 mill. kr (-19,9).

Tussa Energi AS har dei siste åra hatt høg oppetid og lite driftsavbrot som følgje av feil i eigne anlegg. I all hovudsak gjeld dette også for 2021.

Det vart produsert 609 GWh elektrisk kraft i 2021. Til samanlikning vart det produsert 816 GWh i 2020. I 2021 var gjennomsnittleg spotpris i området vart 42 øre/kWh mot 10 øre/kWh i 2020.

Året starta med magasinnylling på om lag 114 % og avslutta med 118 % av normalnylling. Tilslaget til kraftverka har vore 93 % av eit normalår. Samia oppnådd pris for den produserte krafta, utan elsertifikat og andre grøne tillegg, vart 36,0 øre/kWh i 2021 mot 15,4 i 2020.

## Kraftnett

Tussa sin part av Mørenett AS hadde eit driftsresultat på 64,1 mill. kr (69,4) i 2021 medan resultatet før skatt vart 55,3 mill. kr (60,2).

Det økonomiske resultatet er godt med bakgrunn i selskapet sine mål om å bli meir kostnadseffektivt over

## Finansiell risiko

### Marknadsrisiko

Hovudverksemda i konsernet som det er knytt spesiell marknadsrisiko til er kraftproduksjon og krafthandel. Marknaden har eit stort innslag av vasskraft, og tilgang på vatn kan variere mykje frå år til år. Dette gir seg utslag på både kraftprisar og produksjonsmengd, og kan gi store utslag på resultatet. Den spesielle situasjonen som har oppstått med svært store interne prisdifferansar i Norden og med små omsette volum, har medført at prissikringa ikkje har fungert som tenkt. All prissikring vart av den grunn sett på vent etter august 2021. Ved inngangen til 2021 var knappe 30 % av normalproduksjonen for 2021 prissikra mot systemprisen som eit tap på vel 65 mill. kr samanlikna med å vere heilt eksponert mot spotprisen. Ved inngangen til 2022 var om lag 10 % av normalproduksjonen prissikra. Då prissikring ikkje lenger fungerer etter føresemdaer

## Renterisiko

Ettersom Tussa er eksponert for renteendringar gjennom dei låneavtalane som er inngått, har konsernet vedteke ein rentesikringsstrategi der målet er å redusere konsernet sin rentesensitivitet. Konsernet har ein strategi som går på å sikre mellom 20 % og 50 % av gjelda med fastrente, og at gjennomsnittleg rentebindingstid skal ligge mellom 3-5 år. Rentesikringsgrad og gjennomsnittleg rentebindingstid vert rekna av gjeld mot finansinstitusjonar som Tussa har direkte avtale med. Indirekte gjeld som er konsolidert inn frå felleskontrollert verksemd i Mørenett vert soleis ikkje rekna med. Mørenett sikrar ikkje renta då inntekstramma i stor grad er fastsett av ei flytande rente. Tussa nyttar rentebyrje-avtalar for å minimere renteksponeringa, og desse sikringsinstrumenta blir sikringsbokførte.

## Kredittrisiko

Risiko for at motparten ikkje har økonomisk evne til å oppfylle pliktene sine er å sjå på som låg, og det har historisk vore lite tap på fordringar.

## Likviditetsrisiko

Likviditetsrisiko oppstår dersom det ikkje er samsvar mellom kontantstrømane frå verksemda og finansielle forpliktingar. Kontantstrømen frå krafthandel vil variere mellom anna i forhold til prisen på kraft i marknaden. Konsernet har ei kassakreditramme på 100 mill. kr, og sikrar gjennom denne nødvendig likviditet. Pr. 31.12.2021 var kassakreditten ikkje nytta.

Dette instrumentet vert ikkje sikringsbokført, men justert løpende til verkeleg verdi. Dette reduserer underliggjande reell valutarisiko, men det kan gi store utslag i bokført resultat.



## Organisasjon

### Aksjonærer

Eigaroversynet pr. 31.12.2021 går fram av note 17. Nytt av året er at Styrn kommune har vorte aksjonær. Det er viktig for konsernet å ha interesserte og engasjerte aksjonærer. Dette skal Tussa oppnå mellom anna ved å skape verdier for aksjonærane i form av utbyte og verdistigning av aksjane. Grunnlaget for verdistigning av aksjane kjem frå investeringar av den delen av årsresultatet som ikkje blir betalt ut i utbyte. Desse investeringane skal gjerast med eit samfunnsansvarleg og langsiktig perspektiv.

### Eigarstyring og selskapsleing

Prinsippa for eigarstyring og selskapsleing regulerer rolledeling mellom eigar, styret og leiinga utover det som er gitt av føringar i aksjelova. Den norske tilrådinga om eigarstyring og selskapsleing (corporate governance) av 14. oktober 2021 er lagt til grunn så langt som det er relevant for Tussakonsernet i årsrapporten for konsernet blir ein samla status for eigarstyring og selskapsleing presentert. Innanfor nokre område er det avvik, og hovudårsaka til avvika er at Tussa Kraft AS ikkje har børsnoterte aksjar og at selskapet har ein avgrensa aksjonærkrets. I årsrapporten er også gitt eit kortfatta oversyn over styret sin kompetanse og deltaking i styremøte.

### Styret

Tussa Kraft AS er leia av eit styre på 11 medlemmer, der dei tilsette har fire medlemmer. På generalforsamlinga i april 2021 vart Anne Stine Foidal Aam og Ann-Kathrin Storøy valde som nye styremedlemmer og Gummar Gjørtz og Sindre Rotevåg vart atvalde. For dei tilsette var det inga endring i representasjonen.

### Den 31.12.2021 hadde styret denne sammansetjinga:

Leiar: Gummar Gjørtz  
 Nestleiar: Sindre Rotevåg  
 Kjell Arne Aurstad  
 Oskar Jørlie Grimstad  
 Unny Iren Haugen  
 Ann-Kathrin Storøy  
 Anne Stine Foidal Aam  
 Daniel Fljørtoft (tilsettpresidentant)  
 Knut Arne Grimstad (tilsettpresidentant)  
 Håvard Marøy (tilsettpresidentant)  
 Olav Arne Hustad Vinjevoll (tilsettpresidentant)

### Styreansvarsforsikring

Det er teikna styreansvarsforsikring med forsikringssum på inntil 10 mill. kr pr. forsikringsliffelle og totalt i løpet av forsikringsperioden. Det er ingen eigenandel. Tolegare, noverande eller framtidige styremedlemar, dagleg leiar og medlem av leiinga eller tilsvarende styreorgan i selskapet er å sjå på som sikra.

### Personale

Tussakonsernet hadde 199 fast tilsette pr. 31.12.2021. Inkludert vikarar, engasjementstillingar og lærlingar hadde konsernet 235 tilsette. Gjennomsnittsalderen i Tussa er 44,9 år.

### HMS

Tussa er ei inkluderande arbeidsliv (IA)-bedrift. Konsernet har eit godt arbeidsmiljø. Fokus både på fysisk- og psykososialt arbeidsmiljø er viktig. Alle tilsette er tilknytt bedriftshelsestjeneste. Bedriftshelsestjenesta leverer tenester som er retta både mot individ og bedrift.

Nøkkeltal for HMS-tilstanden	2021	2020	2019	2018	2017	2016	2015
HI-verdi*	-	8,9	5,8	5,9	8,6	9,3	0,0
Registrerte arbeidsulykker	-	4	3	3	2	3	3
Fråvar som følgje av arbeidsulykker (dagar)	-	137	15	79	35	26	162
Sjueifråvar (%)	3,8	4,3	4,7	4,4	4,5	3,7	5,5
Gjennomsnittsalder personale (år)	44,9	45,1	45,3	44,3	44,5	43,7	43,5
Personalomsetning (%)	1,0	3,6	1,8	-	1,1	-	-

\*HI=tal skadnar/år/beddte timar x 1 mill.

John Harald Sandblost og Sveinr Larusson, ingeniører i Tussa Energi.

Årsrapport 2021 - Tussakonsernet | 19



Tussa har som utgangspunkt at personalpolitikken skal stimulere til likehandsaming både når det gjeld kjønn, funksjonsevne og etnisitet. Konsernet har nedfelt retningslinjer som er like for alle tilsette.

18 | Årsrapport 2021 - Tussakonsernet

Vidare er det gjort ei kartlegging av tilsette si løn for kvalitetssikring av av lønspolitikk er kjønnsnøytral i praksis. I Tussa har vi 8 ulike stillingsgrupper.

Kvinner si løn i prosent av menn si løn i same stillingsgruppe	100	94	101	96	106	97	106
Present							
Stillingsgruppe	3.0	3.1	4.0	5.0	6.0	7.0	8.0

Med bakgrunn i risikovurdering, kartlegginga og analyse av resultat - vert dei etablerte tiltaka vurdert som tilstrekkelege. Per no er det ikkje avdekt behov for ytterlegare tiltak.

## Ytre miljø

Vasskraft er ei rein og vedvarende energikjelde som er svært miljøvenleg sett i forhold til dei fleste andre energikjelder. Relevante ulemper og miljøpåverknader blir alltid vurderte opp mot nytteverdien av planlagde prosjekt og alternativ utbygging av ikkje fornybar energi. Tussa legg vekt på å dempe negative miljøverknader ved å gjennomføre grundige konsekvensutgreiingar og naudsynte miljøtiltak. Anlegg vert utførta slik at dei skal gje godt inn i terrenget. Konsernet set fokus på bruk av miljøvenlege produkt, og har gode system for avfallshandtering og kjeldesortering avfall.

Energiproduksjon og -distribusjon som skjer i regi av Tussa må ta omsyn til både forsyningsryggleik, lønsmed og miljø. Desse omsyna er ofte i strid med kvarandre, og må difor heile tida vegast opp mot kvarandre.



Draugs kraftverk / Ørsta kommune.

## Årsresultat og disponeringar

Årsrekneskapen syner eit overskot for konsernet på 70,9 mill. kr, og 39,5 mill. kr for morselskapet.

Styret foreslår følgjande disponering av morselskapet sitt årsresultat:

<b>Åvsett til fond for vurderingsklima</b>	<b>8,7 mill. kr</b>
<b>Utbyte</b>	<b>47,0 mill. kr</b>
<b>Overført frå annan egenkapital</b>	<b>- 16,3 mill. kr</b>
<b>Totalt disponert årsresultat</b>	<b>39,5 mill kr</b>

### Ørsta, 08.04.2022 - Styret i Tussa Kraft AS

<b>Gunnar Gjørtz</b>	Styreleiar
<b>Sindre Rofevatin</b>	Nestleiar
<b>Kjell Arne Aurstad</b>	Styremedlem
<b>Oskar Jarle Grimstad</b>	Styremedlem
<b>Unny Iren Haugen</b>	Styremedlem
<b>Ann-Kathrin Almestad Støry</b>	Styremedlem
<b>Anne Stine Foldal Aam</b>	Styremedlem
<b>Daniel Fljortoft</b>	Styremedlem
<b>Håvard Mørøy</b>	Styremedlem
<b>Knut Arne Grimstad</b>	Styremedlem
<b>Olav-Arne Hustad Vinjevoll</b>	Styremedlem
<b>Elling Andreas Dybdal</b>	Adm. direktør

vurdering må Tussa kunne reknaast som ein god og trygg arbeidsplass.

## Likehandlingsoppgjeving

Tussa har som utgangspunkt at personalpolitikken skal stimulere til likehandlingsoppgjeving både når det gjeld kjønn, funksjonsevne og etnisitet. Konsernet har nedreitt retningslinjer som er like for alle tilsette. I tillegg gjer fleksible arbeidsordningar og permisjonsvilkår at både kvinner og menn kan kombinere jobb og familie på ein god måte.

Både energi-, elektro- og IKT-bransjen er sterkt dominert av menn både på fagarbeidar- og ingenjörnivå, og det er få kvinnelege søkjarar til slike jobbar. Vi har likevel kvinner på dei fleste nivå i organisasjonen. I Tussa er 50 % av konsernleinga kvinner. Samla sett er 13,8 % av dei tilsette kvinner.

HMS vert teke på alvor og Tussa har eit velfungerande bedrifts- og arbeidsmiljøval (BAMU). Utifrå ei samla

Tal for tilsette i Tussa	Samla tal	Tal menn	Tal kvinner	Kvinnedelt i %
Styrevar i Tussakonsernet	51	19	12	39
Konsernleinga	6	3	3	50
Leiargruppene i dei ulike selskapa	20	17	3	15
Avdelingsleiarar	33	30	3	10
Tal lærlingar	21	19	2	9,5
Tal fast tilsette	199	184	25	12,6

Pr 31.12.21	Kjønnsbalanse alle tilsette			Faste tilsette			Meilombelst tilsette		
	K	M	M	K	M	K	M	M	
Selskap	17	5	17	5	-	-	-	-	
Tussa Kraft	1	20	1	20	-	-	-	-	
Tussa Energi	7	75	5	66	2	9	-	-	
Tussa IKT	4	106	2	83	2	23	-	-	
Tussa Installasjon	29	206	25	174	4	32	-	-	
Konsern									

Pr 31.12.21	Foretaksperm., snitt tal veker - 21			Faktisk deltidarbeid			Ufrivillig deltidarbeid		
	K	M	M	K	M	K	M	M	
Selskap	16	-	2	1	-	-	-	-	
Tussa Kraft	-	-	-	-	1	-	-	-	
Tussa Energi	-	13,6	1	2	-	-	-	-	
Tussa IKT	-	7,8	-	5	-	-	-	-	
Tussa Installasjon	16	20,78	3	9	-	-	-	-	
Konsern									



## Resultatrekneskap

Tal i tusen kr

	Morselskap		Note	Konsern	
	2021	2020		2021	2020
<b>DRIFTSINNTEKTER OG DRIFTSKOSTNADER</b>					
Salsinntekt	6 173	4 988		381 717	332 810
Energisal	-	-	3, 18	275 166	204 225
Nettinntekt	-	-	19	306 053	283 157
Anna driftsinntekt	26 797	24 454		3 327	55 494
<b>Sum driftsinntekter</b>	<b>32 970</b>	<b>29 443</b>	<b>2, 18, 26</b>	<b>988 263</b>	<b>855 686</b>
Varekostnad	384	6		119 978	107 798
Energikjøp og overføringskostnad	-	-		164 374	145 443
Lønnskostnad	25 999	22 416	4, 5	230 785	193 424
Avskrivning	507	454	2, 8	153 838	138 427
Nedskrivning	-	-	2, 8	59	1 728
Anna driftskostnad	14 116	11 461	6, 20, 23, 26, 27	129 589	106 297
<b>Sum driftskostnader</b>	<b>41 006</b>	<b>34 336</b>		<b>798 623</b>	<b>693 118</b>
<b>Driftsresultat</b>	<b>-8 035</b>	<b>-4 895</b>		<b>187 640</b>	<b>162 568</b>
<b>FINANSINNTEKTER OG FINANSKOSTNADER</b>					
Anna finansinntekt	78 077	140 494	22	57 846	83 861
Anna finanskostnad	28 530	28 685	18, 22	71 887	111 421
<b>Netto finans</b>	<b>49 546</b>	<b>111 808</b>	<b>10, 18, 22</b>	<b>-14 040</b>	<b>-27 760</b>
<b>Ordinært resultat før skatt</b>	<b>41 511</b>	<b>106 613</b>		<b>163 599</b>	<b>134 808</b>
Skattekostnad på ordinært resultat	2 053	1 228	7	82 665	23 442
<b>Årsresultat</b>	<b>39 458</b>	<b>105 685</b>		<b>70 934</b>	<b>111 666</b>
Miljønoteten sin del	-	-		77	-
Majoritetens sin del	39 458	105 685		70 857	111 666
Avsett til fond for vurderingskilnader	8 741	-		-	-
Avsett til utbytte	46 983	44 543		46 983	44 543
Overført/tilbavsett til annan egenkapital	-16 266	61 143		23 874	67 123
<b>Sum disponert</b>	<b>39 458</b>	<b>105 685</b>	<b>16, 21</b>	<b>70 857</b>	<b>111 666</b>

22 | Årsrapport 2021 - Tussakonsernet

## Balanse

Tal i tusen kr

	Morselskap		Note	Konsern	
	2021	2020		2021	2020
<b>EIGEDLAR</b>					
<b>Anleggsmiddel</b>					
<b>Innmaterielle eigedelar</b>					
Vassdragsrettar, varemerke, m.m.	217	544	9	22 046	14 369
Utsatt skattefordel	442	-	7	-	-
Goodwill	-	-	9	52 040	10 116
<b>Sum innmaterielle eigedelar</b>	<b>659</b>	<b>644</b>		<b>74 085</b>	<b>24 485</b>
<b>Variante driftsmiddel</b>					
Tornter, bygningar og annan fast eigedom	1 113	1 141	8	182 117	172 438
Kraftproduksjonsanlegg	-	-	8	976 848	748 306
Nettanlegg	-	-	8	1 615 512	1 350 517
Driftslausoyre, inventar o.a. utstyr	-	-	8	143 412	131 327
Anlegg under arbeid	1 825	508	8	70 783	48 663
<b>Sum variante driftsmiddel</b>	<b>2 938</b>	<b>1 650</b>		<b>2 988 682</b>	<b>2 451 252</b>
<b>Finansielle anleggsmiddel</b>					
Investeringar i dotterselskap	867 373	715 642	10	-	-
Lån til foretak i same konsern	549 149	430 000	12, 14	-	-
Investeringar i tilknytt selskap	589 336	517 705	10, 11	375 862	370 305
Investeringar i aksjar og partar	24 702	24 690	11	40 663	24 716
Andre langsiktlige krav	45	-	11, 12	16 972	13 161
Pensjonsmidlar	3 304	3 134	5	8 414	9 759
Sum finansielle anleggsmiddel	2 033 909	1 691 171		441 910	417 940
<b>Sum anleggsmiddel</b>	<b>2 037 506</b>	<b>1 693 365</b>		<b>3 504 677</b>	<b>2 893 677</b>
<b>Omlopsmiddel</b>					
Varer	-	-	24	19 827	11 711

Årsrapport 2021 - Tussakonsernet | 23





## Notar

### Innhold notar

Note 1. Rekneskapsprinsipp	s 26
Note 2. Nøkkeltal på forretningsområde	s 29
Note 3. Krafomsøring	s 30
Note 4. Lønskostnader, tal tilsette, godtgjøringar, lån tilsette m.m.	s 30
Note 5. Pensjonar	s 31
Note 6. Andre driftskostnader	s 33
Note 7. Skatt	s 33
Note 8. Varige driftsmidler	s 36
Note 9. Immaterielle eiendelar	s 38
Note 10. Datterselskap, felleskontrollert verksemd og tilknytte selskap	s 40
Note 11. Andre aksjar og langsiktige fordringar	s 42
Note 12. Fordringar og gjeld	s 43
Note 13. Gjeld	s 43
Note 14. Mellomverande med selskap i same konsern	s 44

## Note 1. Rekneskapsprinsipp

Årsregnskapen er sett opp i samsvar med rekneskapslova og god rekneskapsprinsipp.

### Rekneskapsprinsipp for aksjar i datterselskap og tilknytte selskap

Datterselskap er selskap der morselskapet har kontroll og dermed avgjerande innverknad på selskapet sin finansielle og operasjonelle strategi, normalt ved å eige meir enn 50 % av kapitalen som gir stemmerett.

Tilknytte selskap er selskap der Tussa har betydeleg innverknad og eig mellom 20 % og 50 % av kapital som gir stemmerett. Aksjar i datterselskap og felleskontrollert verksemd er vurdert etter kostmetoden i selskapsrekneskapskapen. Aksjar i tilknytte selskap er vurdert etter eigenkapitalmetoden i selskaps- og konsernrekneskapskapen.

### Oppløp, sal og fusjon

Tussa Kraft AS kjøpte konsernet Energiselskapet Styrn AS 1. juli 2021. Transaksjonen var gjennomført ved lingnnskot til ein verdi på 257 MNOK, der seltar Styrn kommune AS fekk aksjar i Tussa Kraft AS som vederlag og vert eigar av 72 % av Tussa Kraft AS. Det er balanseført meirverdiar på

Kjøpte datterselskap er rekneskapsført i konsernrekneskapskapen med basis i morselskapet sin kostpris.

Kostpris er iflórdrna identifiserbare eiendelar og gjeld i datterselskapet, som er ført opp i konsernrekneskapskapen til verkeleg verdi på kjøpsdagspunktet. Eventuelle meirverdiar ut over det som kan verte vist til for identifiserbare eiendelar og gjeld er balanseført som goodwill. Goodwill er handsama som ein rest og er balanseført med den delen som er observert i oppkjøpstransaksjonen. Det blir balanseført ein goodwill som er knytt til diskonterings- effekt på utsett skatt ved oppkjøp. Denne blir avskrive over same periode som dei underliggjande driftsmidlane si forventta levetid.

Meir- (mindre-) verdjar i konsernrekneskapskapen er avskrive (innlektsført) over dei observert i oppkjøpstransaksjonen. Meir- (mindre-) verdjar i konsernrekneskapskapen er avskrive (innlektsført) over dei oppkjøpte eiendelane si forventta levetid.

Datterselskap som er selde i løpet av året, er konsolidert inn fram til salsdagspunktet. Gevinst ved sal av datterselskap er behandla som finansinntekt i selskapsrekneskapskapen og driftsinntekt i konsernrekneskapskapen.

Fellesskontrollert verksemd er verksemd der flere deltakar styrer i fellesskap og ingen har bestemmende innverknad på vedtak. Deltaking i fellesskontrollert verksemd vert rekneskapsført etter bruttometoden i konsernrekneskapskapen, dvs. at del av inntekter, kostnader, eiendelar og gjeld er inkludert i konsernrekneskapskapen i samsvar med eiendel.

Konsernrekneskapskapen er utarbeidd etter einsarta prinsipp, ved at datterselskapa og fellesskontrollert verksemd følgjer dei same rekneskapsprinsippa som morselskapet.

### Bruk av estimat

Leinga har brukt estimat og føresemdar som har påverka resultatrekneskapskapen og verdsettninga av eiendelar og gjeld, samt usikre eiendelar og forplikningar på balansedagen under utarbeiddinga av årsrekneskapskapen i samsvar med god rekneskapsprinsipp.

### Salsinntekter

Inntektsføring ved sal av varer skjer på leveringstidspunktet (transaksjonsdagspunktet). Inntektsføring av tenester skjer etter kvart som tenesta vert levert.

Kraftproduksjon har fått godkjent elsertifikat basert på produksjon i 13 kraftverk. Inntekta fra elsertifikata er bokført på oppleveringsdagspunktet, dvs. produksjonsperioden. Opptient, ikkje fakturerte elsertifikat er verdsett til marknadspris.

Ved fysisk og finansiell handel med kraft som er gjort opp med marginoppløp, er gevinst eller tap på handelen bokført med nettbeløpet.

Innmarfor installasjonsverksemda er anleggskontraktar rekneskapsført etter løpende avrekning med påslag av

forteneste, slik at inntekt er resultatført i takt med fullføring av prosjektet. Kontraktkostnadene er samansett med opptient inntekt. Fullføringsgraden på eit tidspunkt er målt som dei påløpne kontraktkostnader av totale estimerte kontraktkostnader. For prosjekt som ventar å gå i lag, vert det berekna tapet kostnadsført umiddelbart.

Nettverksemda er regulert av styresmaktene, ved at Noregs vassdrags- og energidirektorat (NVE) fastset årlege inntektsrammer for kvart selskap. Konsernet inntektsfører inntektsramma inkludert ev. renter av mindrainntekt frå tidlegare år.

### Klassifisering og generelle reglar for vurdering av balanseposter

Omløpsmiddel og kortsiktig gjeld omfattar postar som er knytte til varekretsløpet. For andre postar enn kunde- fordringar vert omfatta av postar som forfall til betaling innan eitt år etter transaksjonsdagen. Anleggsmiddel er eiendelar bestemt til varig eig og bruk. Langsiktig gjeld er gjeld som forfall seinare enn eitt år etter transaksjonsdagen. Omløpsmiddel vert vurdert til lågaste av kostpris og verkeleg verdi. Kortsiktig gjeld skal balanseføres til nominelt beløp på etableringstidspunktet.

Anleggsmiddel vert vurdert til kostpris. Varige anleggsmiddel vert avskrive etter ein fornuftig avskrivingsplan, og nedskrive til verkeleg verdi ved forfall som ikkje er forventta å vere forbigående. Langsiktig gjeld med uttak av andre avsetningar vert balanseført til nominelt beløp på etableringstidspunktet. Langsiktig gjeld i utanlandsk valuta vert balanseført til dagskurs på balansedagen.

### Immaterielle eiendelar og goodwill

Goodwill har oppstått i samband med kjøp av datterselskap. Goodwill vert avskrive over forventta levetid. Fallrettar som ikkje er evigvarande vert avskrive over leigeltida si varighet. Softwarekostnader utover årsløns vert aktivert og avskrive over forventta levetid for systemet.

### Varige driftsmidler

Varige driftsmidler vert aktivert og avskrive over driftsmiddelet si venta økonomiske levetid dersom dei har forventta levetid over 3 år og kostpris over kr 15 000. Vedlikehald av driftsmidler er kostnadsført under driftskostnader, medan påkostningar eller forbetningar er tillagt driftsmiddelet sin kostpris og avskrive i takt med driftsmiddelet. Ved vedfall som ikkje er forventta å vere forbigående, vert driftsmiddelet nedskrive til verkeleg verdi. Anleggsbidrag er ført brutto i anleggsregiosteret, og inntektsført i takt med avskrivninga på anleggsmiddelet som det er kravd anleggsbidrag for.

Leigde (leasa) driftsmidler vert ført i balansen som driftsmidler dersom leigekontrakten vert sett på som finansiell.



av kraftproduksjonen i 2021. Tap og gevinst på del finansielle kontrakter som er utrekn som differansen mellom kontraktpriis og systempris. Realiserte tap/gevinstar på futureskontraktar er resultatført i leveringsperioden.

Tussa Energi AS har i tillegg ein eigen portefølj med finansielle kontraktar som er inngått med utgangspunkt i å tena på prissvingingar, altså trading. Både realiserte og urealiserte tap og gevinstar knytt til tradingporteføllen vert resultatført. Det er utarbeidd risikodokument som set rammer for den finansielle handelen og grense for risikoeksponeringa.

**Valuta**  
Pengepostar og gjeld i utanlandsk valuta er vurdert etter kursen på balansedagen.

**Kontantstrauoppstilling**  
Konsernet har nytta finansielle bilaterale kontraktar, terminkontraktar. Tussa Energi AS har nytta finansielle kjøps- og saliskontraktar mellom anna for å prissikre delar

Betalbar grunnrenteskatt for kraftverk med netto positiv grunnrenteinntekt vert bokført som skattekostnad. Det gjer også endring i utsett skatt på grunnrente.

Vi viser elles til skattenotlen der det er utarbeidd ein spesifisering av grunnrenteskatten i året.

**Finansielle instrument**  
I rekneskapan er finansielle derivat handsama i samsvar med intensjonen i avtalene.

**Renteinstrument**  
Renteinstrument vert sikringsbokført dersom grunnlaget for slik bokføring er til stades. Om ikkje vert renteinstrumenta bokført til marknadsværdi på balansedato.

**Finansielle kraftkontraktar**  
Konsernet har nytta finansielle bilaterale kontraktar, terminkontraktar. Tussa Energi AS har nytta finansielle kjøps- og saliskontraktar mellom anna for å prissikre delar

## Note 2. Nøkkeltal på forretningsområde

Nøkkeltal for forretningsområde er med på å gi brukaren av rekneskapan oversikt over kva område konsernet er engasjert i, for der gjennom å kunne vurdere avkastninga til konsernet. I Tussa er dei ulike forretningsområda organisert som eigne juridiske einingar.

